

**Uskedaling, radiojournalist og lyrikar Mona Vetrhus (37) debuterer i haust på Forlaget Oktober. Ho har ei lang lyrikarkarriere bak seg allereie, og ho er særleg kjend for sine korthugne dikt. Mona har alltid vore sterkt knytt til heimplassen sin. Ho har studert i Bergen, Bø, Frankrike og Nederland**

Sin journalistkarriere starta ho i Sogn og Fjordane, nærare bestemt ved Nynorsk Mediasenter. Seinare har ho levert mykje godt kulturstoff i ein stutt periode i den kommersielle Radio Norge og gjennom 4 år P2 i NRK. Særleg var det grunn til å merka seg det store portrettintervjuet med ingen ringare enn Jon Fosse som opna seg i uventa stor grad for journalisten.

Debutboka kjem ut midt i oktober, og den har tittelen 'Nokre gutar kjem ikkje heim i kveld'. Mona har tidlegare uttala at ho likar å leika seg med ord som journalist, og det gjeld også som lyrikar. I ein prat med uskedalen.no sa ho at ho hadde reist mykje, men la til at ho hadde hatt mykje gøy på vegen. Slik skreiv ho ein gong til broren Wermund:

Eg vil vera  
edderkopp  
spinna tryggleiksvev  
rundt deg  
og ikkje sleppa  
skuggar inn.

Forlaget Oktober har og ein annan kvinnhering på haustlista si, - ingen ringare enn Lars Amund Vaage med romanen 'Syng'.

Av: Ola Matti Mathisen.